

2001/EØS/31/18**EUROPAPARLAMENTS- OG RÅSDIREKTIV 1999/34/EF****av 10. mai 1999****om endring av rådsdirektiv 85/374/EØF om tilnærming av medlemsstatenes lover og forskrifter om produktansvar(*)**

EUROPAPALAMENTET OG RÅDET FOR DEN EUROPEISKE UNIONEN HAR –

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet, særleg artikkel 95,

med tilvising til framlegget frå Kommisjonen⁽¹⁾,

med tilvising til fråsegnna frå Økonomi- og sosialutvalet⁽²⁾,

etter den framgangsmåten som er fastsett i artikkel 251 i traktaten⁽³⁾, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) Produkttryggleik og skadebot for skadar som skriv seg frå produkt med tryggleiksmanglar, er samfunnsmessige krav som må stettast innanfor den indre marknaden. Fellesskapet har stetta desse krava ved direktiv 85/374/EØF⁽⁴⁾ og rådsdirektiv 92/59/EØF av 29. juni 1992 om alminnelig produktsikkerhet⁽⁵⁾.
- 2) Ved direktiv 85/374/EØF vart det innført ei rettferdig fordeling av risikoane som følger av eit moderne og svært teknisk prega samfunn. Det nemnde direktivet har difor funne ei rimeleg jamvekt mellom dei interessene som dette kjem ved, særleg vern av helsa til forbrukarane, fremming av nyskaping og vitskapleg og teknologisk utvikling, trygging av konkurransen på like vilkår og letting av handelen på grunnlag av ei harmonisert ordning for skadebotansvar. Såleis har direktivet medverka til å auke medvitet hos marknadsdeltakarane med omsyn til produkttryggleik og kor viktig dette er.
- 3) På grunn av dei unntaka som er fastsette, særleg med omsyn til verkeområdet til direktivet, der uforedra

landbruksvarer er utelatne, er det ved direktiv 85/374/EØF ikkje oppnådd ei fullstendig harmonisering av lovgjevinga til medlemsstatane.

- 4) Kommisjonen skal overvake iverksetjinga og verknadene av direktiv 85/374/EØF, særleg dei sidene som omfattar forbrukarvern og verkemåten til den indre marknaden, som det alt er laga ein første rapport om. I denne samanhengen har Kommisjonen i medhald av artikkel 21 i direktivet plikt til å legge fram ein andre rapport om gjennomføringa av direktivet.
- 5) Det at landbruksråvarer vert tekne inn under verkeområdet til direktiv 85/374/EØF, vil medverke til å rette opp forbrukarane sin tillit til tryggleiken med omsyn til landbruksvarer. Eit slikt tiltak stettar krava om eit høgt nivå for forbrukarvern.
- 6) Under desse omstenda bør direktiv 85/374/EØF endrast, slik at det vert lettare for forbrukarane å få rettkomen skadebot for helsekadar som skriv seg frå landbruksvarer med tryggleiksmanglar.
- 7) Dette direktivet får innverknad på verkemåten til den indre marknaden, då handelen med landbruksvarer heretter ikkje vil vere underlagd ulike ordningar for produsentansvar.
- 8) Prinsippet om objektivt ansvar, som er fastsett i direktiv 85/374/EØF, må utvidast til å omfatte alle typar produkt, medrekna landbruksvarer slik det er definert i artikkel 32 andre punktumet i traktaten og dei produkta som er oppførde i vedlegg II til traktaten.
- 9) I samsvar med prinsippet om rimeleg samhøve, og for å nå dei grunnleggjande måla om betre vern av alle forbrukarar og ein indre marknad som verkar tilfredsstilande, er det naudsynt og føremålstenleg å ta med landbruksvarer i direktiv 85/374/EØF. Dette direktivet går ikkje lenger enn det som er naudsynt for å nå dei måla som er planlagde i samsvar med artikkel 5 tredje leddet i traktaten –

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EFT L 141 av 4.6.1999, s. 20, er omhandlet i EOS-komiteens beslutning nr. 59/2000 av 28. juni 2000 om endring av EØS-avtalens vedlegg III (Produktansvar), se EØS-tillegget til De Europeiske Fellesskaps Tidende nr. 42 av 21.9.2000, s. 16.

(¹) TEF C 337 av 7.11.1997, s. 54.

(²) TEF C 95 av 30.3.1998, s. 69.

(³) Europaparlamentsfråsegn av 5. november 1998 (TEF C 359 av 23.11.1998, s. 25), felles haldning frå Rådet av 17. desember 1998 (TEF C 49 av 22.2.1999, s. 1) og europaparlamentsavgjerd av 23. mars 1999 (enno ikkje offentleggjord i TEF). Rådsavgjerd av 29. april 1999.

(⁴) TEF L 210 av 7.8.1985, s. 29. Direktivet endra ved tilmeldingsakta av 1994.

(⁵) TEF L 228 av 11.8.1992, s. 24.

VEDTEKE DETTE DIREKTIVET:

Artikkkel 1

I direktiv 85/374/EØF vert det gjort følgjande endringar:

1. Artikkkel 2 skal lyde:

«Artikkkel 2

I dette direktiv menes med «produkt» enhver løsørgjenstand, selv om gjenstanden er innføyd i annet løsøre eller i fast eiendom. «Produkt» omfatter også elektrisitet.»

2. I artikkkel 15 nr. 1 vert bokstav a) oppheva.

Artikkkel 2

1. Medlemsstatane skal vedta og offentleggjere dei lovene og forskriftene som er naudsynte for å rette seg etter dette direktivet. Dei skal straks melde frå til Kommisjonen om dette.

Desse føreseggnene skal nyttast frå 4. desember 2000.

Når desse føreseggnene vert vedtekne av medlemsstatane, skal dei ha ei tilvising til dette direktivet, eller det skal visast til

direktivet når dei vert kunngjorde. Medlemsstatane fastset korleis tilvisinga skal gjerast.

2. Medlemsstatane skal syte for at teksta til dei internrettslege føreseggnene som dei vedtek på det området som dette direktivet omfattar, vert send til Kommisjonen.

Artikkkel 3

Dette direktivet tek til å gjelde den dagen det vert kunngjort i *Tidend for Dei europeiske fellesskapa*.

Artikkkel 4

Dette direktivet er retta til medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 10. mai 1999.

For Europaparlamentet

J. M. GIL-ROBLES

President

For Rådet

H. EICHEL

Formann